

# Dialog og diakoni i møte med muslimar i indre by, II

AV ODDBJØRN LEIRVIK

Det er rart med ord: «Diakoni» er eit godord i alle kyrkjelege samanhenger, sjølv om ikkje alle tar diakonien på alvor i praksis. «Dialog», derimot, har ofte vore eit fy-ord som reiser mistanke om at ein ikkje tar kyrkja si misjonsoppgåve på alvor. Eg håper at innlegget mitt skal vise at vi ikkje opplever dialog og misjon som noka motsetning i vårt innvandringsarbeid. Vår kontakt med dei muslimske miljøa i Oslo har innebere alt frå gjensidige besøk i kyrkja og moské i dialogen sitt teikn til dåpsundervisning av tidlegare muslimar – som har sett ei open kyrkjedør, og søkt kontakt med oss.

Men perspektivet for vårt fleirkulturelle arbeid har i første omgang vore styrking av det lokale nettverket, og samfunnsdiakoni. I arbeidet for å styrke nettverket mellom nordmenn og innvandrarakar har så også religiøs dialog blitt eit viktig stikkord. For vi som sjølv er religiøse menneske skulle jo vite at dersom vi skal kunne møtast som heile menneske må vi også ta religionene på alvor.

Nordmenn flest er imidlertid nokså uvande med å gå inn i samtale med andre levande religionar. I vår religiøse tradisjon blir ein lett ståande overfor følgjande alternativ: Anten er religionen eit tabu som ein helst ikkje snakkar om. Dei fleste nordmenn opplever ikkje religionen som viktig i dagleglivet, om ein ber på ei tru langt inne i seg er ein i alle fall sjenert for å snakke om det. Eller det andre

alternativet: Ein reknar seg som eit religiøst menneske, og vil svært gjerne snakke om religion. Samtalen får då gjerne eit misjonerande preg, der ein prøver å overbevise den andre, og inviterer den ein «vitnar for» inn i eine eigne religionsfellesskap.

Den tredje vegen – som vi kunne kalle *likeverdig* samtale om religiøse spørsmål, der begge parter erkjenner at dei kan ha noko å gi kvarandre – det har vi lite trening med i norsk samanheng. Ein slik måte å samtale på treng ikkje stå i motsetning til ein misjonsvilje. Tvert om føreset ein ekte dialog at vi ber fram vitnesbyrd for kvarandre. Blant nordmenn er det då også norske misjonærar som har dei fleste erfaringar med religiøs dialog.

Dialog tyder altså ikkje at vi stiller oss nøytrale religiøst sett. Verkeleg dialog blir det først når begge parter veit klart kva dei sjølve står for. Berre når vi kjenner oss sjølv og er glade for vår eigen identitet, kan vi gå inn i ein likeverdig samtale, fortelje om det som er dyrebart for oss – men også vere open for å lære noko av kvarandre. Kjenneteiknet ved ein dialog er vel nettopp dette at ein ikkje berre er fokusert på det vi har å lære bort, men også er open for å kunne lære noko av sin samtalepartnar, vågar å sjå det vakre og tiltrekande ved den andre parten sine tradisjonar, og også sjølv vågar å bli forandra.

I det følgjande vil eg dele med dykk nokre konkrete dialogerfaringar og refleksjonar omkring dialogen sine vilkår. Eg vil først dele nokre tankar om kva som skjer på den kanskje viktigaste

dialogarenaen i vårt samfunn – nemleg i skulen. Dernest vil eg gi nokre glimt frå kontakten mellom kyrkje og moské, før eg rundar av med nokre teologiske betraktningar.

## Dialog i skulen?

Om vi tenkjer etter, kan vi fort blei einige om at kva som skjer i skulen er heilt avgjerande for dialogen sine vilkår i samfunnet i framtida. For det er jo her dei nye generasjonane blir forma – og det er her, i skulen, dei framleis har sjansen til å møtast og gjere noko saman på tvers av grensene.

Generelt er det vel slik at det nye kulturmøtet – i vårt tilfelle mellom nordmenn og muslimsk kultur – fører med seg ei dobbel utfordring: Både nye og gamle nordmenn treng å besinne seg på sin eigen *identitet*. Men samtidig treng begge parter også å øve seg i *tverrkulturell kommunikasjon* – dvs. samtale og forståing på tvers av grensene, eller dialog om ein vil. Spørsmålet er: Gir dagens grunnskule rom for dette?

Med tanke på den religiøse identiteten er det fare for at skulen snarare øver barna opp i ghattotenking enn i tverrkulturell kommunikasjon. For religions- og livssynsfaget i skulen er situasjonen i dag at dei kristne blir undervist i kristendoms-kunnskap, humanetikanen og nokre til i livssyn, medan mange av dei muslimske innvandrarakarane velger bort både kristendom og livssyn og organiserer si eiga religionsundervisning i moskéane. Slik har i alle fall tendensen vore i Oslo sentrum, og fell saman

med ei stadig sterkare uttrykt ønske frå moskéane om å få etablert muslimske privatskular. Eg trur dette har samanheng med at i Oslo sentrum er muslimane ei så sterk gruppe at dei kan formulere og delvis sette ut i livet eit alternativ til den norske skulen. Vi treng ikkje gå lenger enn til andre delar av Oslo for å sjå at muslimske elevar sluttar opp om den vanlege livssynsundervisninga – kanskje fordi avstanden til moskéane er større, og konsentrasjonen av dei ulike muslimske gruppene mindre.

På enkelte sentrumsskolar har det blitt prøvd ut spesielle modellar for livssynsundervisning som er tilpassa muslimske elevar – nettopp for å prøve å gi rom for muslimsk identitetsforming innanfor den norske skulen, og dermed motverke ghettotendensar. På Sagene skole i Oslo har muslimske morsmåls-lærarar også vore lærarar i livssyn, ein har utarbeidd tillempa fagplanar for «livssyn med utgangspunkt i islam», og vunne nesten full tilslutnad frå dei muslimske elevane. Ein annan sentrumsskule – Hersleb ungdomsskule – har prøvd ut ein versjon av Mønsterplanen sitt tredje alternativ til kristendom og livssyn, nemleg «Annan religionsundervisning», med islam- og etikkundervisning i regi av ein muslimsk lærar, men altså på skulen, og integrert i skulekvardagen.

Også med dei nye alternativa som her har vore prøvd ut er modellen likevel at elevane går kvar for seg når Gud skal på timeplanen. Slike modellar styrkar kanskje den kulturelle og religiøse identiteten til dei ulike

gruppene, men gir lite rom for dialog og kommunikasjon på tvers av grensene.

Spørsmålet for skulen er om ein kan tenke seg andre modellar. Mange ønskjer seg eit felles religions- og livssynsfag, for å gi rom for dialog og tverrkulturell utvikling også om livssyn og etikk. Ein ulempe ved eit slikt fag kunne bli at det gav lite rom for den eigne identitetsutviklinga. Både blant kristne og muslimar vil det vere delte meiningar om korvidt skulen kan gi verkeleg identitetsstyrkande religionsundervisning. Men kanskje kunne ein tenke seg ein plan for religion og livssyn i skulen som både gir rom for felle-sundervisning, og samtidig set av timar der dei ulike livssynsgruppene blir undervist kvar for seg? Eg er redd alternativet på lengre sikt er sprenging av einskapsskulen, og utvikling av ei privatskulesystem basert på religiøse skillelinjer. Dette har forlengst blitt tendensen i England – og vi må vel kunne seie at dagens England ikkje gir særleg gode varsel for sameksistensen mellom europearar og innvandra muslimer.

Om ein skal kunne bevare skulen som ein samlande dialogarena er det sjølsagt eit like viktig spørsmål kva som skjer i skulekvardagen for øvrig. Blir den religiøse tradisjonen løfta fram i andre fag – eller blir han etter vestleg, privatiserande tradisjon handsama som noko heilt for seg sjølv, og på sida av alt anna? Ein del skular har gjort erfaringar med samlande markeringar av religiøse høgtider – som feiring av Muhammeds fødselsdag og advent for alle elevar,

og i tillegg FN-dagen så også dei norske livssynselevane skal få sitt.

Før påske i år gjorde vi ei spennande erfaring i Paulus menighet i samarbeid med Grünerløkka skole. Eg tok initiativ til å gjere «faste» til temaet for den tradisjonelle skulegudstene-sta før påske. I år fall kristen faste og ramaden delvis saman i tid, og vi hadde så å seie ein «historisk» sjanse til å la kristne og muslimske elevar gjere noko i fellesskap. Eg tok sjansen på å utfordre ein tokulturell femteklasse med like mange norske og pakistanske elevar. Eg visste at for å få dei muslimske foreldra si godkjenning av eit kyrkjebesøk måtte eg også la dei muslimske elevane få vise fram sin identitet i kyrkja. Opplegget vart til slutt slik at både kristne og muslimske elevar gjekk saman om å lage ein collage med utklipp frå aviser og blad som skulle synleggjere alle «fristelsane» våre, alt frå godteri til moteklær og whiskyflasker... alt det som lokkar oss til å berre tenke på oss sjølve og ikkje ville dele med andre. Samtidig snakka vi om kva kristen og muslimsk faste betydde. Dei kristne elevane hadde kanskje ikkje så mykje å bidra med i utgangspunktet og synest det var vanskeleg å tenke på å skulle la vere å ete godteri i fastetida – mens deira muslimske klassekamerater stolt kunne fortelle at dei i mange år allereie hadde avstått frå både mat og drikke frå soloppgang til solnedgang i heile fastemånaden. Dei kunne også gjera greie for grunnen til at dei fasta: Det er fordi Gud vil det slik, og fordi vi skal kjenne

på kroppen korleis dei fattige har det. Det same kunne tre muslimske elevar tydeleg og greitt forklare oss i kyrkjeromet, under sjølve gudstenesta. Kva hadde vi så å bidra med frå kristen side? Jo, eg utfordra heile skulen til å vere med å samle inn pengar til «Brød for verden» i Kirkens Nødhjelp sine fastebøsser, og opplevde å få full oppslutning også om dette. Dermed fikk vi kanskje utifrå den kristne tradisjonen vist at faste ikkje berre er å følge bestemte reglar, men å vise aktiv omsorg for andre – medan altså muslimane kanskje veit meir enn oss om det å arbeide med seg sjølv, for å bli lydige mot Gud.

Sjølve gudstenesta vart ei rar oppleving. For første gong var nesten alle dei muslimske elevane med i kyrkja. Var det ei gudsteneste vi hadde i kyrkja? Eit par av salmane vi sang kunne både kristne og muslimar istemme – som «Herre Gud, ditt dyre navn og ære» og «Da jeg trengte en neste». Muslimane fortalde om Ramadan, og vi kristne leste om Jesu fristelse og faste i ørkenen. Kristne og muslimar viste fram sine felles montasjer om våre felles fristelser, og ei fargerik forsamling bar fram bøssene til «Brød for verden». Til slutt sang alle «Påskemorgen slukker sorgen». Også det kunne vi gjere på ein inkluderande måte – med å vise til at liksom muslimar har sin store fest Id-ul-Fitr etter fastemåneden, har også vi kristne vår store fest i påska, til minne om Jesus som er sterkare enn alt, også døden. «Og no skal vi alle få synge den gladaste fest-songen

av dei alle, «Påskemorgen slukker sorgen». Og elevane sang med!

Var det så ei kristen gudsteneste? Eller eit slags nøytralt skulebesøk i kyrkja i religionen sitt teikn? Spørsmålet kan henge i lufta. I alle fall er erfaringa eitt av fleire eksempel på kor mange muligheter som finst for å skape religiøs dialog i samarbeid mellom skule og kyrkje – dersom kyrkja vågar å tenke dialog, og dersom skulen vågar å bryte med ghettotenkninga.

Dei visjonane vi har for morgondagen i eit fleirkulturelt Norge skal helst levast ut i skulen allereie idag. For det er der generasjonane etter oss blir forma – no. Det finst mange modellar for multireligiøse samfunn. Ghettomodellen er ofte den mest nærliggande: Dei ulike religiøse gruppene lever side om side utan noko særleg kontakt seg imellom, og i beste fall i gjensidig respekt. Kanskje kan kyrkja og skule i fellesskap vere med å stake ut ein annan kurs?

#### Dialog kyrkje/moské

I Paulus menighet har vi dei siste åra også gjort nokre få, men viktige erfaringer med direkte dialog mellom kyrkja og nokre av moskéane. Både prest og diakon har prioritert eit langsiktig kontaktarbeid med fleire av dei muslimske forsamlingane, og då ikkje berre i eit lokalt perspektiv, men også til dels på vegne av bispedømmet. Ein del av dette har større grupper i menigheten vore involvert i.

Eg har ofte opplevd at folk har spurt: Er muslimane like

interessert i å ha kontakt med dykk som de med dei? Og på kva premissar? Eg veit enno ikkje nok til å kunne svare. Dei konkrete dialogmøta begynte med ein invitasjon frå meg i Paulus og Oslo Bispedømmeråd til Jamaat-moskéen om å vere med på eit dialogmøte på ein større kyrkjeleg konferanse om «Norge som fleirkulturelt samfunn». Dialogen der vart ei open og spennande samtale om bønn – kanskje vart det så fint som det vart fordi vi valde eit samlande utgangspunkt i bønn som religiøs erfaring. Etter dette første organiserte dialogforsøket – og før det altså fleire besøk i moskéen frå vår side – spør så imamen oss om ikkje dei også kan få kome på besøk til oss i Paulus kyrkje.

Nokre månader seinare sitt imamen og fleire andre frå moskéen i Paulus kyrkje, denne gongen som våre gjester. Det blir ein spennande og hjarteleg samtale, med mykje smil, og med ein blanda bukett av Guds barn: Fine gjester frå moskéen, og ei gruppe svært forskjellige kristne. For også det kristne mangfaldet er stort i ei sentrumkyrkje i Oslo.

Før samtalen er våre muslimske venner til stades under vår liturgiske kveldsbønn. Vi ber ikkje saman – men er gjester hos kvarandre. Sjølv har eg kjent det vanskeleg å vere gjest i dei mindre moskéane, midt imellom mine muslimske venner – utan heilt å vite korleis eg skal oppføre meg. Det er mykje lettare – og ryddigare – i ein stor moské der du kan vere gjest og tilskodar «på galleriet».

Etter at våre muslimske gje-  
star denne gongen har vore til-  
skodarar til vår kveldsbønn nede  
på første benk, med vi sat  
framme i koret og sang og bad,  
går vi saman ned til langbord  
under orgelgalleriet, for å bli  
kjende med kvarandre og ha ein  
religiøs samtale. På meir enn ein  
måte tar dialogen denne kvelden  
heilt uventa og merkelege ven-  
dingar. Eg vil prøve å gi nokre  
små stemningsbilete – som  
eksempel på korleis ein meir fol-  
keleg og lite styrt dialog kan arte  
seg.

Utan at vi på nokon måte  
hadde planlagt det kom dialogen  
denne kvelden mellom anna til å  
handle om noko tilsynelatende  
så perifer som hunden sin reli-  
giøse status. Med under kvelds-  
bønnen har nemlig også ein hund  
vore – som trufast følgjer mat-  
mor til kyrkja. Vi er blitt vande  
med hunden, sjølv om andre kan  
hende ville stengt kyrkjedøra for  
firbente skapningar. Som regel  
ligg hunden diskret ved enden  
av ein benk nede i kyrkja, ute i  
sidegangen. Men denne kvelden  
har han vore svært synleg til stades,  
i velbehagelig kvile ved mat-  
mor si side like framfor alteret.

Samtalen under orgelgalleriet  
startar med at imamen fortel oss  
om muslimane sitt bønneliv, og  
kjem m.a.: inn på at ein muslim  
må vaske delar av kroppen før  
han ber, og at plassen der han  
ber må vere heilt rein. Imamen  
har sjølv sagt sett hunden – og  
med eit smil bemerker han at  
muslimar ikkje kan ta med seg  
hundar eller andre dyr til  
moskéen.

Den eldre kvinna med hunden  
grip straks ordet: Om ikkje imā-

men meiner at deire Gud har  
skapt alt, dyra også? Jo, det må  
imamen stadfeste – men hunden  
kan ikkje vere med å be. Kvinna  
tar igjen ordet. Med glimt i auget  
forel ho at hunden er med henne  
også når ho ber, og faldar lab-  
bene når ho faldar hendene. Skal  
ikkje hunden hennar bli med  
henne i paradís?

Eg er den som skal leie samta-  
len, og begynner å sveitte. Kvar  
skal dette ende? Ikkje nok med  
at muslimane midt i heilagdom-  
men blir konfrontert med ein  
hund – eit ureint dyr, ikkje stort  
betre enn grisen etter deira tradi-  
sjon. Her blir hunden til og med  
framstilt som bedehund og para-  
diskandidat?

Men då er det imamen viser at  
han forstår kva dette handlar om  
på det menneskelige planet. Han  
forstår kor mykje hunden betyr  
for denne einslege kvinna. Med  
humor og hjartevarme kvitterer  
han med å fortelje «Koranens  
einaste hundehistorie» frå sure  
18, «Hulen»: Nokre menneske  
må rømme frå ein tyrannisk her-  
skar for å kunne vere trufast mot  
sin Gud, og når dei flyktar, blir  
ein hund med. Dei søker tilflukt  
i ei fjellhole, medan hunden set  
seg i opninga og held trufast vakt  
i tre hundre år.

«Ja, hunden er god, han», smi-  
ler kvinna. Og hundehistoria  
endar med ei semje om at hun-  
den kan vere mennesket sin gode  
og trugne venn – sjølv om han  
altså etter islamsk tradisjon må  
stå «utanfor».

Eg tar med denne historia  
ikkje berre for å vise at religiøs  
dialog både kan bringe høgst  
uventa tema på dagsordenen –  
men enda viktigare: Om vi

møtest i ein atmosfære av gjensi-  
dig tillit kan det hende at vi  
greier å sjå bakom nokre av for-  
mene og tradisjonane som skiller  
oss, slik at vi kan kjenne noko av  
kvarandre sitt hjerteslag. Slik  
imamen såg denne kvinna sitt  
fromme og bankande hjarte bak  
den ureine hunden. Eg trur store  
ting kan skje om vi kjem litt  
under huden på kvarandre, og  
kan tale med kvarandre frå  
hjarte til hjarte! Meir enn noko  
anna må vel det vere målet også  
med einkvar religiøs dialog.

Etter intermessioet med hun-  
den bølger samtalen under  
orgelgalleriet vidare. Dialogen  
vekslar mellom intellektuelle  
innlegg om moral og samfunns-  
forandring, og meir folkelege  
innspele som: «Jeg har snakket  
med noen folk som har vært ned-  
over der, misjonærer og sånn.  
De sier at folk der nede ber til  
stokk og stein. Er det sånn hos  
dere?» Roleg forklarar imamen  
at muslimar – liksom vi – trur  
på ein levande og usynleg Gud,  
ein allmechtig skaper-Gud som er  
Gud for alle menneske, både  
muslimar og kristne. Det er  
muslimar over heile verda, ikkje  
berre «der nede». Og det er med  
andre ord imamen som må opne  
horisontane for litt innsnevra  
kristne.

I samtalens løp skjer det også  
at ein muslimsk tenåring som er  
med, og som har lært heile Koran-  
en utanåt, ber om å få resitere  
eit avsnitt derifrå. Det var heller  
ikkje planlagt. Men vi let han  
synge si bønn. Røysta hans gir  
gjenklang i kyrkjerommet. Det  
er vakkert. Alle lyttar andektig,  
og han får fortent applaus. Og vi

kjenner igjen at vi deler noko som kjem frå hjartet.

Men vi gløymer ikkje at vi er forskjellige. Vi vender blikket fram mot altertavla og Kristusfiguren med den opne handa. Vi kristne forklarar at «medan de muslimar vender dykk til Mekka når de ber, kan vi vende blikket og tankane mot Kristus. Han er vår veg til Gud, og Guds veg til oss». Men som imamen legg til, sufi som han er og med mystikaren, si varme forvissing: Begge kan vi bøye hovudet og sjå mot hjartet, så vi opnar oss og kan ta imot Guds lys og ånd.

Kanskje er det for rosenraudt å fortelle om slike stemningsfulle møter mellom kristne og muslimar. Vi har også gjort dialogerfaringar meir prega av sakleg diskusjon og konfrontasjon mellom oss og våre gjestar – og tilsvarende diskusjonsprega møte i moskéar. Men det er jo nettopp dette som er så spennende: Å leite seg fram i eit landskap der ein somme tider kan stoppe opp for det same vakre utsynet, men samtidig ofte må diskutere kva som er den sanne vegen fram mot målet, og vise fram sitt eige kart – fordi vi trur det viser den beste vegen. I Paulus har vi berre så vidt begynt å gjere erfaringar med organsiert dialog – mest Jamaatmoskéen og vår nabo Madni Masjid. Men vi har tenkt å gå vidare, og håper at Jesus går med oss!

#### Misjon?

Er vi misjonærer, eller berre samfunnsgagnlege nettverksarbeidarar med syn for religionen?

Det er ei velkjent problemstilling i misjonsteologien om misjo-

nen er sentripetal eller sentrifugal å forstå. Den sentripetale rørsla skapest av den magnetiske tiltrekking som senteret utøver – med folkeslaga som kjem til Sion og Kristus som dreg alle til seg når han blir løfte opp som bibelske modellar. Den sentrifugale rørsla er rørsla utover med ein bodskap: Gå ut i all verda.

Når vi skal vitne om Kristus midt i fleirkulturen i indre by kjenner eg at den sentripetale modellen er ei god tankehjelp. Dei andre er jo allerede blant oss, vi treng ikkje «gå ut». Desto viktigare er det kanskje å ha ei markert «åpen kyrkje» – der også muslimar kan oppleve at det er mogeleg å gå inn i kyrkerommet, utan å gi slepp på sin eigen identitet. Det er det som skjer når muslimar er med på skulegudsteneste og er med å forme opplegget – eller når ei muslimsk kvinne brukar bønnelysestaken vår. Det er det som skjer når vi inviterer grupper frå moskéane på besøk i kyrkja og let dei få vise fram seg sjølv, liksom vi tar med oss vår kristne identitet når vi går inn i den opne moskédøra. Eg trur det må vere svært viktig å opne kyrkjedøra, også reint fysisk, slik at kyrkja står mest mogeleg open veka igjennom – men kort veg frå gata og parken inn i våpenhuset, inn til bønnelysestaken, inn til alle symbola i rommet, ja heilt fram til Kristus med den utstrekke handa over alteret for den som vågar seg så langt fram.

Til kyrkja si magnetiske kraft høyrer så også ein diakoni som er truverdig – med linjer til den første kyrkja si tiltrekkingskraft: «Sjå kor dei elsker kvarandre».

Misjon i indre by er for meg å vere med å gjere Kristus tydeleg – ved eit markert open kyrkjedør, og gjennom ei diakonal teneste som gjer Kristus «tiltrekkande». I eit teologisk perspektiv bør vi minne kvarandre om at den Kristus vi skal vitne om nettopp er Tenaren. Samtalen mellom kristne og muslimar blir ofte blokkert ved konstanteringa av at muslimar «berre» ser Jesus som eit utvalt menneske og ein profet, medan vi kristne trur at han er «Guds Son». Men Jesus sjølv viste sin storleik ikkje ved overlegne gudesonkunster. Det er som kjent ikkje dei overnaturlige undera eller jomfrufødselen muslimane har problem med i kristologien. Støytsteinen er Menneskesonen, den audmjuke Tenaren som gav avkall på alt og vart lydlig til døden, ja korsets død. Støytsteinen er at Gud får eit ansikt her på jorda gjennom denne audmjuke Tenaren.

Kva er det så slags vitnesbyrd om Kristus vi skal bere fram for våre muslimske naboar? Kanskje skal ikkje vårt første ord vere at han er så mykje meir opphøgd enn de muslimar trur – slik tittelen «Guds Son» kan gi uttrykk for. Kanskje skal vi heller først og fremst og sist vitne om at Kristus har stige så mykje djupare ned enn noko menneske kan fatte. Han har gitt avkall på all makt for å møte oss lengst nede – der vi er avmektige. Kva kan skje om kristne og muslimar vågar å møtast ikkje berre for å dele våre opphøgte trustankar – men også vår avmakt, våre nederlag? Det er vel då vi saman kan ha håp om å få ein glimt av Tenaren!

Derfor er det nok også berre når vi sjølve blir tenarar og gir avkall på alle opphøgde posisjonar at vi kristne kan vitne sant om Kristus.

Visjonen er å kunne opne situasjonar, der Kristus kan få eit tydeleg ansikt – i dialog, i diakoni. Men om det skal skje, trengst det at nokon er trufast i tenesta, lenge.

---

*Res. kap. Oddbjørn Leirvik,  
Paulus menighet,  
Thv. Meyersgt. 31,  
0555 Oslo 5.*

---

## Diakoniens mange ansikter

***Diakonihøyskolens etterutdanningskurs  
med fullt hus også i år***

Hvert år ønskes tidligere studenter tilbake til etterutdanningskurs på Diakonihøyskolen. I tillegg til det rent faglige innholdet, legges det også vekt på det sosiale (romslige pauser og god mat), og det kristne fellesskapet (høydepunkt i nattverd- og forbønns-gudstjeneste i kirken).

I år hadde vi Per Arne Dahl som gjesteforeleser med temaet «Fra paradiset til virkelighet og tilbake igjen», om psykoterapi og spiritualitet. Skolens nye avdelingsleder, Johannes Sand, hadde forelesning om «Antropologi og diakoni», og Kirsti Mosvold hadde bibel/inspirasjonsforedraget.

Og diakoniens mange ansikter? Jo, de så vi først og fremst under panelinnleggene og plenumsamtalen i boken «Fra diakoniens hverdag». Da bidro deltakerne med innlegg fra diakonien på Island, fra soknediakonien, fra diakonien på landsbasis, insitusjonsdiakonien og utfordringene i den frivillige diakonien blant barn. Samtalen etter innleggene viste en stor grad av diakonalt engasjement som gir seg uttrykk på mange måter. Det var rett og slett inspirerende og oppløftende. Diakonien har mange ansikter. Og den lar seg ikke stoppe!

*Guro Hellgren*